Sak 41/15

Bergen 28.05.2015

Det juridiske fakultet, UiB

v/ Studieutvalet

JUS 241 Strafferett – forslag til endring av læringsmål og litteratur

Den nye straffelova vert sett i kraft frå 1. oktober 2015. Då er det naturleg at undervisinga til hausten (eksamen i november) tek utgangspunkt i den nye lova. Dette krev visse endringar i læringsmåla, som sist vart endra våren 2014. Det gjer også at den tidlegare litteraturen, med fokus på straffelova 1902, ikkje passar lenger.

Når det gjeld litteratur, held vi - saman med Linda Gröning - på å skriva ei bok som skal kunna tena som lærebok på kurset. Boka heiter «Forbrytelse og straff» og vil bli utgitt på Fagbokforlaget. Vedlagt er ein førebels disposisjon til boka. Kapittelinndelinga ligg i hovudsak fast, men elles må ein rekna med at det vil bli endringar ettersom skrivinga blir ferdigstilt. Vi føreslår at boka vår blir hovudlitteratur på kurset.

Vi ser ikkje behov for å føreta vesentlege endringar i det faglege innhaldet av kurset. Men omtalen av læringsmåla bør tilpassast den omgrepsbruken som vil prega den nye boka. Dessutan må tilvisinga til dei straffeboda som ein skal oppnå særleg innsikt i, oppdaterast til den nye lova. Slik lova er bygd opp er det no naturleg å ta med alle straffeboda i kapitla om valdsbrotsverk og vinningsbrotsverk. Noko særleg praktisk betydning har ikkje dette då ein i seminaroppgåver osv. uansett må sjå bruk av dei sentrale straffeboda i desse kapitla i relasjon til evt. bruk av mildare reglar innafor same «familien».

Avtalen med forlaget er at del I og II av boka skal vera ferdig trykt i ei førebels utgåve til kursstart. Dette omfattar dei sentrale delane av ansvarslæra, og vil ha eit omfang på ca 350 sider (medan den fullstendige boka er stipulert til ca 650 sider). Dei andre delane av boka vil bli gjort tilgjengeleg for studentane i manuskriptform, som pdf-filer på Studentportalen, før undervisinga om dei aktuelle emna tek til.

Slik strafferettskurset har vore lagt opp dei to siste åra, har vi medvite ønskt å koma bort frå det skarpe skiljet mellom «alminnelig» og «spesiell» strafferett som har vore vanleg både i lærebøker og førelesingar. Vi meiner ein i større grad kan og bør integrera omtalen av ulike typar straffebod i den generelle framstillinga av faget, og at behovet for spesiallitteratur om dei enkelte straffeboda då blir redusert. Det skal også nemnast at studentane i dag har lett tilgang til lovkommentarane på Rettsdata. Den nye boka er lagt opp på med tanke på dette.

Samtidig er det tenleg at den praktisk retta undervisinga på seminar og øvingsoppgåver blir konsentrert om visse viktige brotsverkstypar, slik at studentane får læra seg å gå noko meir i djupna innafor enkelte delar av strafferetten. Det er difor enkelte brotsverkstypar blir framheva i læringsmåla. For å gi studentane noko stoff til fordjuping om enkelte brotsverkstypar, føreslår vi å ta inn som litteratur dei sidene i dei to lovproposisjonane som omtalar dei aktuelle straffeboda. Det gir ei ganske god oversikt både over rettstilstanden etter 1902-lova og den nye lova. Som støttelitteratur føreslår vi dei tilsvarande kapitla i Matningsdal si bok Norsk spesiell strafferett (2010), som omtalar den nye lova. (Som kjernelitteratur vil denne bli vesentleg for omfattande.)

Vedlagt er vårt forslag til læringsmål og litteratur frå og med haustsemesteret 2015.

Med venleg helsing

Jørn Jacobsen Erling Johannes Husabø

JUS 241 Strafferett – forslag til læringsmål og litteratur H 2015

Etter at kurset er gjennomført forventes studenten å ha følgende læringsutbytte:

Studenten skal ha *kunnskap* om

- strafferettens begrunnelser
- hovedtrekkene ved forholdet mellom strafferetten og statsforfatningsrett og folkerett, herunder menneskerettigheter
- de alminnelige vilkårene for straffansvar, slik som
  - krav om en kriminalisert gjerning, inkludert krav til forsett og uaktsomhet og reguleringen av medvirkning og forsøk
  - rettferdiggjøringsgrunner, slik som nødverge og nødrett,
  - unnskyldningsgrunner, slik som utilregnelighet og rettsvillfarelse
  - Andre regler av betydning for straffansvaret, slik som sammenstøt av forbrytelser
- tolkning og anvendelse av straffebud, med særlig vekt på reglene i straffeloven 2005 om:
  - Tortur (§§ 174-175)
  - Narkotikaovertredelser (§§ 231-232)
  - Voldslovbrudd mv. (§§ 271-282)
  - Vinningslovbrudd og lignende krenkelser av eiendomsretten (§§ 321-346)
  - Bedrageri (§§ 371-374)
- hovedtrekkene i reaksjonssystemet, reglene om idømmelse av den enkelte reaksjon og valget mellom reaksjonene samt utmåling av straff

Studenten skal ha *ferdigheter* til å kunne

- analysere, drøfte og ta standpunkt til strafferettslige spørsmål
- forklare straffelovgivningens oppbygning og særtrekkene ved strafferettslig metode
- forklare strafferettens plass i rettssystemet, særlig sammenhengen mellom strafferett og straffeprosess
- forklare forskjellige teorier om strafferettens begrunnelser

Studenten skal også ha utviklet *generell kompetanse* til å

- drøfte og argumentere på en måte som fremhever og tar stilling til moralske og rettspolitiske utfordringer ved bruk av offentlig tvang og sanksjoner
- forstå ulike former for samspill mellom generelle og spesielle regler og mellom vanlig lovgivning, konstitusjonelle og menneskerettslige normer

Kjernelitteratur:

- Jørn Jacobsen, Linda Gröning og Erling Johannes Husabø: Forbrytelse og straff, del I og II. Fagbokforlaget 2015. Ca. 350 sider.
- Jørn Jacobsen, Linda Gröning og Erling Johannes Husabø: Forbrytelse og straff, del III-VI. Foreløpig manuskript, distribuert til studentene gjennom Studentportalen. Ca. 300 sider.
- Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 236-238 og s. 339-340 (ca. 5 sider)
- Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 90-100, 171-205, 277-298, 324-327, 409-411, 427-438, 450-457 og 464-465 (ca. 80 sider)

Støttelitteratur:

Magnus Matningsdal: Norsk spesiell strafferett. Fagbokforlaget 2010, kap. 3, 5-14, 28-40 og 43-44.